

**Fra:** Toralv Mikkelsen (toralv.mikkelsen@gmail.com)

**Sendt:** 09.01.2018 12:30:15

**Til:** Håkon Rasmussen

**Kopi:** Matti Torgersen

**Emne:** Jondalstunnelen AS - Bomtakster

**Vedlegg:**

Godt Nytt År Håkon !

Takk igjen for eit nyttig og godt informasjonsmøte i fylkesbygget (8. etg.) 20. desember 2017. Som avtalt vil dei 4 kommunane (Kvam, Jondal, Kvinnherad og Odda) koma med ei samla fagleg vurdering til Norconsult sin rapport innan fristen 17. januar. Dette arbeidet vert koordinert av plansjefen i Odda kommune Kristian Bondhus-Jensen. Ordføraren i Jondal, Jon Larsgard har vore kontaktpersonen opp mot ordføraren i Kvinnherad som dessverre ikkje hadde høve til å vera med på Dykkar møte i Bergen 20. desember.

Parallelt med kommunane sitt arbeid med å koma med faglege innspel til rapporten, arbeider Jondalstunnelen AS med ein prosess for å få avklart om det let seg gjera å redusera bompengesatsane og dermed strekkja bompengane etter dagens ordning til etter 2020 og på den måten få kontinuitet i innkrevjinga føresett at ein får godkjent eit nytt opplegg for parsellen Nordrepollen – Austrepollen. Eit periode utan bompengar for så å starte opp på nytt ser vi som lite ønskeleg.

Dagleg leiari i Jondalstunnelen AS, John Skogseth og underteikna styreleiar Toralv Mikkelsen har fått fullmakt frå styret i Jondalstunnelen AS til å drøfta om Hordaland fylkeskommune og dei 4 andre eigarkommunane kan slutta seg til at vi arbeider vidare med ein slik prosess. Bompengereforma gjev større friheit til å justera takstane no enn kva tilhøve var tidlegare. Gjennom handsaming av St.prp. 1 S, tillegg 2 (2015 – 2016) fekk SD fullmakt til å endra takstar og rabattar i bompengeprosjekt som er vedtekne i Stortinget. I praksis er det då truleg VD som kan handtera slike spørsmål utan å gå til Stortinget. Ein viktig føresettnad er sjølvsagt lokalpolitisk tilslutnad.

Før vi formelt tar dette spørsmålet opp med primærkommunane vil vi be om eit møte med samferdsleadministrasjonen i fylkeskommunen med tanke på å få på plass eit vedtak der hovudaksjonæren Hordaland fylkeskommune kan gje sin tilsluttnad til at takstane kan reduserast slik at prosjektet kan bli nedbetalt innen innkrevingstida som er tilknyttet i St.prp. nr. 72 (2007 – 2008). Fylkeskommunen må samtidig stadfesta at garantien for bompengelånet vert vidareført.

Til Dykkar informasjon har vi så langt hatt ein uformell kontakt med VD gjennom vår rådgjevar Per Steffen Myhren som igjen har tilbakemeldt til oss om at signala frå VD er svært positive.

Fint om Jondalstunnelen AS ved underteikna, John Skogseth og Per Steffen Myhren kunne fått eit møte med samferdsleseksjonen så snart dette let seg gjera. For oss høver 16. eller 18. januar bra. I veke 4 kan vi tilpassa oss dei fleste dagane.

Med venleg helsing

Toralv Mikkelsen

Styreleiar Jondalstunnelen AS

Mob.nr: 482 30 282